



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Tysdag 27. oktober 2020 kl. 1800-2110

Stad: Formannskapssalen, rådhuset i Odda

Desse møtte: Johnny Vikne, Jan Asbjørn Utne, Jarle Rasmussen, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 36/20: Orientering

UFS 37/20: Gjennomgang av drifta av fjellstyret så langt

UFS 38/20: Val av rekneskapsfører

UFS 39/20: Val av revisor

UFS 40/20: Oppretting av betalingskort for fjellstyret

UFS 41/20: Grunndisponeringssak – uttale til Statskog

UFS 42/20: Fornyning av beiteavtale med Skjold Beitelag

UFS 43/20: Driftsplan for fiskeressursane på Ullensvang statsallmenning

UFS 44/20: Fiskeforbetrande tiltak – plan for bruk av midlar

UFS 45/20: Felles forvaltning av grensevatna

UFS 46/20: Søknad om fornying av leigeavtale for hytta ved Langavatnet

UFS 47/20: Eventuelt

Johnny Vikne /s/

Jan Asbjørn Utne /s/

Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/

Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullensvang kommune

Hardanger Folkeblad



UFS 36/20: Orientering

Saksdokument:

1	2020.04.30-145.9 Amedia - Avslagsbrev
2	2020.05.05-010 Brønnøysundregistrene Bekreftelse på sletting i Enhetsregisteret-Odda fjellstyre
3	2020.05.06-010 Brønnøysundregistrene Bekreftelse på sletting i Enhetsregisteret-Fellesstyret
4	2020.05.14-612.3 Ullensvang fjellstyre - Tilbod om samjakt reinsjakta 2020
5	2020.05.14-362.1 Ullensvang fjellstyre - Uttale til søknad om oppsetting av ny hytte ved Øysteinsbu
6	2020.05.15-612.9 Ullensvang fjellstyre - Oversending av vedtak om endring av fredingssone
7	2020.05.18-139 Miljødirektoratet - Kopi av levert søknad om vrakpant innlevert båt
8	2020.05.18-32 Ullensvang fjellstyre - Innspel til off. ettersyn av planprogram for Områderegeruleringsplan Trolltunga
9	2020.05.19-32 Statskog - Innspel til off. ettersyn av planprogram for Områdergeruleringsplan Trolltunga
10	2020.05.19-612.3 Odda Storvald HA 296 - Aksept avtale om samjakt reinsjakta 2020
11	2020.05.26-035.2 Åge Holtmoen - Innspel om fjellstyrehytta ved Langavatnet
12	2020.05.26-145.9 Den Norske Turistforening - Tildeling av spelemidler 2020
13	2020.05.26-145.9 Sparebankstiftinga Hardanger - Gåvebrev (fiskeforbetrande tiltak)
14	2020.05.26-035.2 Odda_Ullensvang Turlag - Førespurnad om framtidig avtale om hytta ved Langavatnet
15	2020.05.28-434 Ullensvang fjellstyre - Søknad om landingsløyve ved Bjørnavassbu 2020
16	2020.06.03-145.9 Kvinnheradstiftinga - Avslagsbrev
17	2020.06.08-434 Ullensvang fjellstyre - Søknad om traktorløyve til Hansbu reinsjakta 2020
18	2020.06.10-612.1 Hardanger Folkeblad - Førespurnad om innsyn i tildeling av jaktkort 2020
19	2020.06.11-035.2 Ullensvang kommune -Løyve til frådelling av punktf. for naust med bueining ved Nedste Krokavatn
20	2020.06.11-612.1 Ullensvang fjellstyre - Oversending av oversikt over tildeling av jaktkort 2020
21	2020.06.11-010 Landbruks- og matdepartementet - Kopi av oversending av klage over vedtak om ikke å opprette forsterket fjellstyre
22	2020.06.11-035.3 Ullensvang fjellstyre - Førespurnad om utedo ved Midte Grøndalsvatn
23	2020.06.11-612.3 Private vald i Ullensvang - Aksept avtale om samjakt i reinsjakta 2020
24	2020.06.15-612.1 Ullensvang kommune - Fellingsløyve elg 2020
25	2020.06.16-130 Ullensvang fjellstyre - Korrigering av kontingent for 2019
26	2020.06.17-434 Tilsynsutvalet - Melding om transportordningar i Hardangervidda nasjonalpark under villreinjakta 2020
27	2020.06.19-612.1 Miljødirektoratet - Fellingsløyve villrein 2020 ha 281



28	2020.06.19-612.1 Miljødirektoratet - Fellingsløyve villrein 2020 HA 282
29	2020.06.23-139 Miljødirektoratet - Utbetaling av tilskot til innlevering av kassert fritidsbåt
30	2020.06.26-010 Landbruksdirektoratet - Orientering om saksbehandlingsstid
31	2020.06.26-434 Tilsynsutvalet - Løyve til landing med helikopter ved Bjørnavassbu
32	2020.07.08-434 Tilsynsutvalet - Løyve til transport med traktor til og frå Hansbu i reinsjakta 2020
33	2020.07.30-154.9 Sparebanken Vest - Prosjektmidlar for tildelingsåret 2020
34	2020.08.17-642.1 Ullensvang fjellstyre - Stadfesting på gratis fiskekort på Ullensvang statsallmenning i 100 år
35	2020.8.17-311.0 Statskog - Oversending av søknad om løyve til langtidsstudie av vegetasjonsdynamikk
36	2020.08.18-652.4 Jarle Viskjer - Søknad om løyve til utfisking i Litlosvatnet og Kollsvatnet 2020
37	2020.08.18-011.1 Ullensvang kommune - Stadfesting av godtgjersle for Ullensvang fjellstyre i perioden 2020-2023
38	2020.08.19-035.3 Villreinnemnda - Uttale til førespurnad om bygging av utedo ved Midtre Grøndalsvatn
39	2020.08.24-352.3 Ullensvang fjellstyre - Oversending av signert kontrakt for bru over Hansbubekken
40	2020.08.24-652.4 Ullensvang fjellstyre - Løyve til utfisking i Kollsvatnet og Litlosvatnet 2020
41	2020.09.10-035.3 Fylkesmannen i Vestland - Svar på førespurnad om oppsetting av utedo ved Midtre Grøndalsvatn
42	2020.09.22-141.9 DNT Oslo og Omegn - Førespurnad om utbetaling av tilskot
43	2020.09.24-612.3 Villreinnemnda - Utviding av jakttida
44	2020.09.25-612.3 Miljødirektoratet - Dispensasjon frå forskrift om forv. av hjortevilt - fri avskyting av kalv
45	2020.09.28-434 Ullensvang fjellstyre - Søknad om landingsløyve for stengerunde
46	2020.09.29-145.9 Ullensvang fjellstyre - Førespurnad om sluttutbetaling
47	2020.09.29-145.4 Ullensvang fjellstyre - Oppmoding om sluttutbetaling
48	2020.09.29-035.2 Ullensvang fjellstyre - Søknad om ferdigattest
49	2020.09.30-434 Tilsynsutvalet - Løyve til landing med helikopter i samband med stengerunde
50	2020.09.30-035.2 Ullensvang fjellstyre - Melding om fullført byggearbeid (FM, Statskog)
51	2020.09.30-152.3 Ullensvang fjellstyre - Førespurnad om forsikring av hytter tilhøyrande Odda fjellstyre
52	2020.10.07-035.2 Ullensvang herad - Ferdigattest uthus Bjørnavassbu
53	2020.10.08-69 Ullensvang Ungdomsråd - Mangel på jegerprøveinstruktørar i Ullensvang kommune
54	2020.10.09-035.2 Per Magne Eikeland - Innspel om fjellstyrehytta ved Langavatnet
55	2020.10.12-145.9 Ullensvang fjellstyre - søknad om midlar frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad
56	2020.10.16-433 DNT - Varsel om revarding av ruter på Hardangervidda



57	2020.10.19-131.6 Ullensvang fjellstyre - Førespurnad om samling av faktura for feie- og tilsynsgebyr
----	--

Saksutgreiing:

Gjennomgang av postliste, orientering om økonomi, aktivitet i sommar/haust, cwd-situasjonen med meir.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Gjennomgang av postlista og orientering om diverse aktivitet i sommar og haust.

Vedtak (sak UFS 36/20):

Styret tek orienteringa til vitande.



UFS 37/20: Gjennomgang av drifta av fjellstyret så langt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Ein gjennomgang av drifta av fjellstyret så langt – ope for innspel frå styremedlemmene.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Tilbakemeldingar på drifta av fjellstyret frå fjellstyremedlemmene:

- Johnny vikne føler han som leiar er lite involvert i drifta. Manglar eit forhold til drifta slik det er no. Viser til at han ikkje veit kven som er tildelt hyttene. Meiner fjellstyremedlemmene bør vere meir aktive i drifta av fjellstyret. Meiner det er «i grenseland» at ein person tildeler hytteleige.
- Hildegunn Espe gav uttrykk for at digitale løysingar som Inatur framleis bør brukast, men det bør rettleiast betre frå fjellstyret om korleis søke om reinskort med meir.
- Oversikt over utleige på heimesida blei etterspurt. Leiar ynskjer oversikt med ein gong det er gjort tildeling av hyttene, og ynskjer og tilgang til utleigeordninga.
- Hildegunn Espe sakna info om cwd-situasjonen i haust.
- Det blei vist til at reinskort som blei sendt i posten (etter at dei ikkje blei henta på kortutdelinga) kom seint fram til mottakar. Sekretær var i felt fire dagar i veka etter kortutdelinga og ikkje tilgjengeleg i den perioden.
- Det blei etterspurt retningslinjer for tildeling av traktorløyve til Hansbu i reinsjakta.
- Hildegunn Espe: Viss fjellstyret sit på sidelinja medan sekretær driv fjellstyret, blir det feil. Fjellstyret må involverast mykje meir. Dei som er vald inn i fjellstyret er fjellstyret utad, og dei må kunne svare på spørsmål om ting knytt til drifta av fjellstyret. Det må bli betre samhandling mellom fjellstyret og sekretær.



Vedtak (sak UFS 37/20):

Sekretær tek tilbakemeldinga frå fjellstyret til orientering.

UFS 38/20: Val av rekneskapsførar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Før samanslåing av fjellstyra kjøpte Odda fjellstyre rekneskapstenester frå Fonna Økonomi AS, medan Fellesstyret og Ullensvang fjellstyre nytta Ullensvang Rekneskap ANS. Fjellstyret må velje ein rekneskapsførar for føring av rekneskap frå og med 2020.

Timeprisane for dei to selskapa pr. 2020:

Fonna Økonomi as	600,- ekskl. mva
Ullensvang Rekneskap ANS	500,- ekskl. mva

Dei to selskapa har begge levert gode tenester. Begge fakturerer for faktisk medgått tid. Storleiken på rekneskapen for dei tre fjellstyra har vore ulik, så det er ikkje mogleg å samanlikne utgiftene direkte. Ei oversikt over utgiftene til rekneskap for dei tre fjellstyra er vist i tabellen under.

Fjellstyre	2019	2018	2017	2016	2015
Odda	kr 10 024	kr 6 015	kr 6 398	kr 4 102	kr 3 750
Ullensvang	kr 11 875	kr 13 750	kr 19 375	kr 19 375	kr 14 375
Fellesstyret	kr 8 125	kr 7 500	kr 10 000	kr 10 625	kr 8 750

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Styret samla seg om å velje det rimelegaste alternativet, basert på timepris, og vel Ullensvang Rekneskap ANS som tilbydar av rekneskapstenester.

Samrøystes vedteke.

Vedtak (sak UFS 38/20):

Ullensvang fjellstyre vel Ullensvang Rekneskap ANS som tilbydar av rekneskapstenester.

Samrøystes vedteke.

UFS 39/20: Val av revisor

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Før samanslåing av fjellstyra fekk Odda fjellstyre gjennomført revisjon av rekneskapen hjå firmaet Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, medan Fellesstyret og Ullensvang fjellstyre brukte firmaet Revisjon Voss. Fjellstyret må velje eit revisorfirma for revisjon av rekneskap frå og med 2020.

Dei to selskapa har begge levert eit godt produkt, men det er ein stor forskjell i pris mellom dei to. Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har ført revisjon for ein fastpris (siste år 5000,- ekskl. mva.). Revisjon Voss har fakturert etter medgått tid, for ein timepris på 1.100,- ekskl. mva i 2020. Arbeidsmengda for dei to selskapa har ikkje vore identisk, men i større grad sannliknbar enn for arbeidet med rekneskap. Basert på utgifter til revisjon dei siste åra framstår Indre Hordaland revisjonsdistrikt som det klart rimelegaste alternativet.

Oversikt over utgifter til revisjon dei siste åra:

Fjellstyre	2019	2018	2017	2016	2015
Odda	kr 6 250	kr 6 250	kr 6 250	kr 6 250	kr 6 250
Ullensvang	kr 18 562	kr 17 250	kr 11 109	kr 9 140	kr 10 406



Fellesstyret	kr 12 000	kr 11 250	kr 9 281	kr 9 140	kr 6 750
---------------------	-----------	-----------	----------	----------	----------

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Jarle Rasmussen kom med framlegg om å be om ein pris på revisjonstenester frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Odda Revisjon. Sekretær får fullmakt til å inngå avtale med det firmaet som gir det rimelegaste tilbodet.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 39/20):

Det blir sendt ein førespurnad til Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Odda Revisjon om revisjonstenester for fjellstyret. Sekretær får fullmakt til å inngå avtale med det firmaet som gir det rimelegaste tilbodet.

Samrøystes vedteke.

UFS 40/20: Oppretting av betalingskort for fjellstyret

Saksdokument:

- 40-20 Fullmaktsoversikt for sekretær

Saksutgreiing:

Sekretær ser behovet for å ha eit betalingskort. I visse tilfelle er det ikkje mogleg å velje å få tilsendt faktura for kjøp på nett. Tilsvarende er det tilfelle der det ikkje er mogleg å få faktura ved kjøp i butikk. For å unngå å måtte legge ut for kjøp er det difor naudsynt med eit betalingskort. Jamfør fullmaktsoversikt for tilsette i Fjellstyra på Hardangervidda, vedteke i



sak UFS 26/20 på møte 5.5.2020 (vedlagt saka), kan sekretær etter særskild vedtak i fjellstyret opprette betalingskort for fjellstyret og disponere dette i sitt daglege arbeid.

Sekretær ber om fullmakt til å opprette betalingskort for fjellstyret og disponere dette i sitt daglege arbeid.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje i styret om at sekretær får fullmakt til å opprette betalingskort. Fjellstyremedlemmene skal ha moglegheit til å bruke kortet.

Vedtak (sak UFS 40/20):

Sekretær får fullmakt til å opprette betalingskort for fjellstyret og disponere dette i sitt daglege arbeid. Fjellstyremedlemmene skal ha moglegheit til å bruke kortet.

Samrøystes vedteke.

UFS 41/20: Grunndisponeringssak – uttale til Statskog

Saksdokument:

- 41-20 Søknad om grunneigars løyve til botanisk feltarbeid
- 41-20 Utfyllande søknad om botanisk feltarbeid
- 41-20 Fylkesmannen i Vestland – løyve etter verneforskrifta

Saksutgreiing:

Statskog har sendt over ein søknad om botanisk feltarbeid i området Skålsbotn på statsallmenningen for eventuell uttale etter fjellova § 12. Fjellstyret skal ha høve til å uttale seg om grunndisponeringstiltak – med omsyn til om tiltaket kan medføre vesentleg skade for nokon som har bruksrett.



Søknaden omfattar å etablere eit sett med fastruter på 1 m² for å registrere og studere karplanter, mosar og lav, samt å setje opp temperatur- og jordvæteloggar i terrenget i området Skålsbotn.

Prosjektet skal etter planen starte 1. august i år, og dei reknar med å halde fram med feltarbeid om lag kvart andre år i minst 10 år framover.

Fylkesmannen har gitt løyve etter verneforskrifta (vedlagt). I løyvet har Fylkesmannen sett fyljande vilkår:

- Det kan samlast inn planter og plantedelar til herbariebelegg, til målingar av fenotypiske karakterar, genetiske analysar og frø til veksthusforsøk. Det skal ikkje takast meir planter eller plantemateriale enn det som trengst for desse undersøkingane.
- Det kan leggjast ut eit nett av fastruter, som kan markerast på ein diskret måte i terrenget.
- Det kan setjast ut temperatur- og jordvæteloggarar av t.d. typen TOMST TMS-4 i kvar av fastrutene.
- Dersom temperatur- og jordvæteloggarar vert forstyrra av eller trakka ned av dyr (t.d. sau), kan det setjast opp små enkle inngjerdingar rundt fastrutene.
- Det kan setjast opp eit eller nokon små, diskret skilt i området, for å informere om den pågåande forskinga, og bakgrunn for at dei ulike instrumenta står i terrenget.
- Alt feltarbeid eller anna aktivitet i samband med dette prosjektet skal helst være ferdig til oppstart av villreinjakta (frå 20. august).
- Prosjektet perioden går frå 2020 til 2030. Fylkesmannen eller forvaltningsstyresmakt skal ha tilsendt kopi av rapportar og anna forskingsresultat som kjem ut av denne langtidsstudien

Vurdering

Dette er eit svært avgrensa inngrep, og i det store og heile noko som **ikkje** kan medføre vesentleg skade for nokon som har bruksrett. Det kan likevel påpeikast at det som er omtala som små, enkle inngjerdingar i vilkåra frå Fylkesmannen, må vere av god kvalitet, og at dei må fjernast etter avslutta feltarbeid kvart år. Særskilt med tanke på at beitedyr og vilt ikkje skal kunne sette seg fast i inngjerdingane.

Framlegg til vedtak:

Uttale frå Ullensvang fjellstyre, jf. fjellova § 12:



Ullensvang fjellstyre meiner det må setjast som vilkår at eventuelle inngjerdingar er av ein kvalitet og ei utforming som sikrar at beitedyr og vilt ikkje kan sette seg fast i dei. Det bør og setjast som vilkår at inngjerdingane skal fjernast etter avslutta feltarbeid kvart år.

Referat:

Problematikk rundt inngjerding og ferdsel i samband med forskingsaktiviteten blei diskutert.

Jarle Rasmussen kom med framlegg om å legge til at fjellstyret meiner at feltarbeidet skal vere avslutta til oppstart av villreinjakta.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 41/20):

Uttale frå Ullensvang fjellstyre, jf. fjellova § 12:

Ullensvang fjellstyre meiner det må setjast som vilkår at eventuelle inngjerdingar er av ein kvalitet og ei utforming som sikrar at beitedyr og vilt ikkje kan sette seg fast i dei. Det bør og setjast som vilkår at inngjerdingane skal fjernast etter avslutta feltarbeid kvart år. Fjellstyret meiner at feltarbeidet skal vere avslutta til oppstart av villreinjakta.

UFS 42/20: Fornyng av beiteavtale med Skjold Beitelag

Saksdokument:

- 42-20 Beiteavtale 2016-2020

Saksutgreiing:

Skjold Beitelag har i ei årrekke leigd beite på Ullensvang statsallmenning. Dei har utgangspunkt i Raudåna, der dei eig ein del av fjellstyrehytta. Beiteområdet er i vest avgrensa av elva Fotkjøla, og består såleis av områda på statallmenningen sør for Kvennavassdraget aust for Fotkjøla.

Punkt 9 i avtalen seier at beitelaget får leige området som dei har leigd tidlegare år også for sesongane 2021, 2022, 2023, 2024 og 2025 dersom det innan beitesesongen 2020 ikkje har



meld seg lokal bruksrettshavarar som har trong for beite. Villkåra i avtalen skal evaluerast i løpet av 2020.

Beiteleiga i den gjeldande avtalen er sett til 22 pr dyr. Jf. punkt 8 i avtalen skal beiteleiga indeksregulerast neste 5-årsperiode (dvs. 2021-2025).

Det har ikkje meldt seg lokale bruksrettshavarar som har trong for beite. Villkåra ligg difor til grunn for at Skjold Beitelag får leige beitealet for åra 2021-2025. Sekretær er ikkje kjend med at det har vore konflikhtar mellom sau og andre interesser i området dei siste åra som tilseier at innhaldet i avtalen bør endrast.

Beiteleiga må endrast til indeksregulert verdi av kr 22 pr. dyr. Det er ikkje definert kva for ein indeks beiteleiga skal regulerast etter, men det er naturleg å ta utgangspunkt i konsumprisindeksen (<https://www.ssb.no/kpi>). Indeksregulert verdi for perioden 2016-2020 er ikkje klar før heile 2020 er «registrert». Det er difor naudsynt å vente til tidleg i januar med å fastsette beiteleiga for åra 2021-2025.

Utanom fastsetting av beiteleiga er det etter sekretær si oppfatning ikkje grunnlag for å foreslå endringar i kontrakten for dei fem neste åra, anna enn at avtalen frå no av er mellom Ullensvang fjellstyre og Skjold Beitelag.

Framlegg til vedtak:

Leiar og sekretær utformar eit utkast til avtale som blir lagt fram for Skjold Beitelag. Det blir lagt til grunn ei indeksregulering av beiteleiga etter konsumprisindeksen for perioden 2016-2020.

Referat:

Kort drøfting av dei ulike punkta i kontrakten. Det var semje i styret om at punkt 4 om veterinærattest kan takast ut av kontrakten.

Vedtak (sak UFS 42/20):

Leiar og sekretær utformar eit utkast til avtale som blir lagt fram for Skjold Beitelag. Det blir lagt til grunn ei indeksregulering av beiteleiga etter konsumprisindeksen for perioden 2016-2020.

Samrøystes vedteke.



UFS 43/20: Driftsplan for fiskeressursane på Ullensvang statsallmenning

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Eit tidleg utkast til ny driftsplan for fiskeressursane på Ullensvang statsallmenning blir sendt ut før møtet.

Gjennomgang på møtet. Sekretær tek imot innspel til endringar/tillegg. Fjellstyret kan ta stilling til vidare prosess for driftsplanen.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort diskusjon. Det kom innspel om at eit aktuelt tiltak kan vere å søke om midlar til rekrutteringstiltak.

Det var semje om at sekretær utarbeidar eit endeleg framlegg til driftsplan basert på utkastet. Styret får ei ny utgåve til gjennomgang før det blir lagt ut på høyring.

Vedtak (sak UFS 43/20):

Sekretær utarbeidar eit endeleg framlegg til driftsplan. Styret får eit nytt utkast til gjennomgang før det blir lagt ut på høyring.



UFS 44/20: Fiskeforbetrande tiltak – plan for bruk av midlar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret har fått tilsagn på totalt 170.000,- til prosjekt «fiskeforbetrande tiltak». Fristen for å realisere midlane er sett til 26.5 frå Sparebankstiftinga Hardanger (100.000,-) og 31.12.2021 frå Grunneigarfondet (50.000,-). 20.000 frå Sparebanken Vest er gitt utan krav om rapportering om bruk av midlane.

Det er konkret søkt om midlar til:

- Påhengsmotor
- Fiskegarn til utleige for brukarane av hyttene
- Båtar + redningsvestar
- Gasskjøleboks
- Div. utstyr for rakfisk

Det er så langt nytta fyljande av midlane:

- Båt (Persbu): 21.300,-
- Garn (inkludert ein del garn til prøvefiske): 7.497,-

Totalt: 28.797,-

Gjennomgang av kva fjellstyret ynskjer at resterande midlane skal brukast på vidare

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Aktuelle innkjøp og tiltak blei diskutert.



Det er behov for å skifte ut ein av båtane på Belebu, og det er behov for ein ekstra båt ved Raudåna. Det blir kjøpt inn to nye båtar av same type som blei kjøpt til Persbu førre vinter. Ein av båtane ved Nedsta Krokavatnet blir flytta opp til Kvennsjøen.

Vidare blei innkjøp av garn til uteige til brukarar av fjellstyrehyttene, påhengsmotorar og gasskjøleboks diskutert.

Hildegunn Espe undersøker moglegheita for å halde kurs i rakfiskproduksjon.

Vedtak (sak UFS 44/20):

Prioritert liste over for bruk av midlane:

1. Innkjøp av to nye båtar, med tilhøyrande redningsvestar, til Belebu og Raudåna.
2. Garn til utlån på hyttene.
3. Påhengsmotorar til Belebu, Raudåna, Persbu og Bjørnavassbu
4. Gasskjøleboksar

I tillegg skal det jobbast med å få arrangert eit kurs i rakfiskproduksjon.

UFS 45/20: Felles forvaltning av grensevatna

Saksdokument:

- 45-20 Førespurnad frå Røldal fjellstyre om felles fiskekultivering i grensevatna

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre tok initiativ til eit samarbeid om vatna som ligg på grensa mellom Røldal statsallmenning og Ullensvang statsallmenning. Desse vatna er Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Røldal fjellstyre ynskjer at innanbygdsbuande tilhøyrande dei to statsallmenningane skal ha lik tilgang til fiske i vatna. Vidare ynskjer Røldal fjellstyre samarbeid om kultivering av vatna.

Røldal fjellstyre peikar på at det står dårleg til med kvaliteten på fisken i fleire tjørner som ligg i Ullensvang statsallmenning, men nærre grensa til Røldal statsallmenning. Dei peikar særskild på Buanuttjødna (1295), Svervetjødna (1304) og 1275 nordom Eltaren. Dei meiner at



det trengs hardare fiske i desse vatna, og foreslår at innanbygdsbuande i Røldal får tilgang til garnfiske i vatna. Røldal fjellstyre har behov for å auke fisket tilsvarande i Store Uravatnet, Øvre Hellevatnet og Nedre Hellevatnet.

Ullensvang fjellstyre handsama innspelet frå Røldal fjellstyre på møte 5. mai 2020. Det blei gjort vedtak om at sekretærane for Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyra lagar ei felles sakshandsaming til neste fjellstyremøte.

Vatn som i heilheit ligg i ein statsallmenning

Alle som er busett i Noreg har rett til under like vilkår å oppnå høve til å drive fiske med krok utan faststående reiskap, jf. fjellova § 28 1 ledd. Innanbygdsbuande i områda som høyrer til dei to fjellstyra har såleis tilgang til fiske i den andre statsallmenningen gjennom å kjøpe fiskekort på statsallmenningen, men berre for stongfiske. Tilgang til fiske med garn og oter er ein rett som i utgangspunktet ligg til innanbygdsbuande, jf. fjellova § 28 3. ledd. Fjellova opnar likevel for at fjellstyret kan gje slikt løyve til andre «*når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane elles og det ikkje kan reknast å vere til skade for fisken i vassdraget*». Dersom ein skal gjere eit slikt vedtak må det gjelde for *alle* utanbygdsbuande. Ullensvang fjellstyre har oppretta garnfiskekort for utanbygdsbuande for nokre av vatna på statsallmenningen etter denne paragrafen. Dette er store vatn der det er plass til fleire garnfiskarar utan at det går ut over interessene til fiskerettshavarane. Vatna som er nemnt i brevet frå Røldal fjellstyre er små, og opning for garnfiske for alle busett i Noreg vil potensielt gå ut over fiskerettshavarane sine interesser, og er såleis lite aktuelt.

Grensevatna

Det er kjent kunnskap at fisken vandrar over heile vatnet. Det vil difor i utgangspunktet ha liten påverknad på fiskeressursane at det blir opna for fiske over heile vatnet med fiskekort frå kvar av fjellstyra. I praksis kan dette føre til auka fiske i vatna det gjeld. Slik grensa mellom statsallmenningane kryssar vatna er det lite aktuelt for fiskarar med bruksrett i Ullensvang statsallmenning å sette garn på arealet i Holmavatnet og Tangasjøen som ligg i Ullensvang statsallmenning, medan det tilsvarande er lite aktuelt for fiskarar med bruksrett i Røldal statsallmenning å sette garn på arealet i Vetla Uravatnet som ligg i Røldal statsallmenning. For utnytting av fiskeressursane i vatna det gjeld er det ei praktisk løysing at fiskekortet gjeld for heile vatnet. Om noko vil det føre til meir fiske, men det er lite sannsynleg at det vil føre til overbeskatning av ressursane. Reint formelt er det ikkje rett fram å opne for at fiskekort for ein statsallmenning skal gjelde for vassareal i ein anna statsallmenning, men etter dialog med Miljødirektoratet har sekretær kome fram til at dette kan sjåast på som ei praktisk løysing som



har liten påverknad på fiskeressursane i vatna det gjeld, og interessene til fiskerettshavarane i kvar enkelt statsallmenning.

Fjellstyra kan vurdere om dei eventuelt ynskjer at dette skal gjelde for alle fiskekort, eller om det berre skal gjelde for garnfiskekort for innanbygdsbuande. Det er enklast å handheve dersom det gjeld for både stongfiskekort og garnfiskekort.

Ei ordning som skissert over krev ei endring i fiskereglane som skildrar at fiskekortet gjeld for heile vatna det gjeld. Ei mogleg løysing er å fylje Røldal fjellstyre sine fiskereglar for Holmavatnet og Tangasjøen, medan ein føl Ullensvang fjellstyre sine fiskereglar for Vetla Uravatnet. Fiskereglane blir då slik:

Holmavatnet og Tangasjøen:

- Ikkje lov å nytte fleire enn fem garn
- Garna skal ha maskevidde større eller lik 31,5 mm mellom knutane når garnet er vått (20 omfar)

Vetla Uravatnet:

- Fri maskevidde
- Inntil 10 garn pr. fiskar. Det kan i tillegg nyttast inntil fem garn med maskevidde inntil 26 mm

Felles kultivering av grensevatna

Det er fleire aktuelle modellar for fordeling av kostnadar til kultivering av grensevatna. Eit alternativ er å basere det på bruken av fiskarar frå kvar enkelt statsallmenning. Det krev innhenting av info frå fangstrapportar ein del år framover for å kome fram til eit tal. Ein enklare måte å gjere det på er å basere fordeling av kostnadar på vassareal i kvar enkelt statsallmenning for kvar av vatna. I alle tilfelle må det vere ein god dialog mellom fjellstyra før det blir sett i gang kultiveringstiltak.

Framlegg til vedtak:

- Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre opnar for at fiskekort (stongfiskekort og garnfiskekort) for kvar enkelt fjellstyre skal gjelde for heile Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Dette gjeld for ein prøveperiode på fem år (til og med 2025).
- For fiske i Holmavatnet og Tangasjøen gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Røldal statsallmenning.



- For fiske i Vetla Uravatnet gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.
- Kostnadar til kultivering av grensevatna blir fordelt mellom dei to fjellstyra basert på vassarealet i kvar statsallmenning for kvart av vatna.

Referat:

Det var semje i styret om å foreslå ein avtale med Røldal fjellstyre som i framlegg til vedtak, men styret ynskjer at avtalen skal gjelde for ein prøveperiode på to år (til og med 2022). Vidare blir det understreka at det er viktig med god fangstrapportering for å evaluere ordninga. Fjellstyret oppmodar Røldal fjellstyre om å ha ei form for rapporteringa på fiskekorta sine.

Vedtak (sak UFS 45/20):

Ullensvang fjellstyre foreslår fyljande avtale mellom dei to fjellstyra:

- Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre opnar for at fiskekorta (stongfiskekort og garnfiskekort) for kvar enkelt fjellstyre skal gjelde for heile Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Dette gjeld for ein prøveperiode på to år (til og med 2022).
- For fiske i Holmavatnet og Tangasjøen gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Røldal statsallmenning.
- For fiske i Vetla Uravatnet gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.
- Kostnadar til kultivering av grensevatna blir fordelt mellom dei to fjellstyra basert på vassarealet i kvar statsallmenning for kvart av vatna.

Ullensvang fjellstyre meiner det er viktig med god fangstrapportering for å evaluere ordninga, og oppmodar Røldal fjellstyre om å ha ei form for rapportering på fiskekorta sine.

Samrøystes vedteke.



UFS 46/20: Søknad om fornying av leigeavtale for hytta ved Langavatnet

Saksdokument:

- 46-20 Avtale om leige av rom i fjellstyrehytta ved Langavatnet 2016-2019
- 46-20 Førespurnad om framtidig avtale om hytta ved Langavatnet frå Odda-Ullensvang Turlag
- 46-20 Innspel frå Åge Holtmoen
- 46-20 Innspel frå Per Magne Eikeland

Saksutgreiing:

Odda/Ullensvang turlag (OUT) har hatt ein leigeavtale for eit av romma i hytta ved Langavatnet som no har gått ut.

Turlaget har sendt fjellstyret ein førespurnad om ein framtidig avtale om hytta. Primært ynskjer dei å overta eigarskapet til hytta, men skisserer fire alternativ:

1. Turlaget kjøper hytta av fjellstyret
 - Fjellstyret kan booke hytta via DNT Hyttebooking, mot leige på 80,- pr. person pr. døgn. Fri bruk av naust med båt for fjellstyret i samband med leige av hytta.
2. Fjellstyret overdreg hytta vederlagsfritt til OUT
 - Fjellstyret disponerer eit rom vederlagsfritt, samt fri bruk av naust med båt.
3. OUT leiger heile hytta i ein periode på 25 år
 - OUT står for naudsynt vedlikehald i perioden.
4. OUT og fjellstyret inngår ny avtale om leige av eit rom (tilsvarande som i dag)

Turlaget sin bruk av hytta dei siste åra:

Årstal	Overnattingar
2016	40
2017	60
2018	70
2019	75



Statskog som grunneigar gir fjellstyret løyve til å sette opp «naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning», jf. fjellova § 35. Statskog har gitt tilbakemelding om at det ikkje er i tråd med fjellova § 35 å drive framleige av hytta til andre aktørar.

Dersom fjellstyret skal halde fram med utleige av eit rom til turlaget må det i tilfelle godkjennast av Statskog. Tilsvarende er det naudsynt med godkjenning frå Statskog ved eventuelt sal av hytta. Ei bruksendring frå fjellstyrehytte til turlagshytte må truleg og godkjennast av kommunen.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Johnny Vikne innleia om historia til hytta. Innspel om hytta blei gått gjennom. Det er vist til at det er eit stort engasjement rundt hytta. Det viser at det er interesse for hytta, men at bruken av ulike årsaker har vore liten dei siste åra.

Johnny Vikne meiner at sal av hytta er uaktuelt, og kom med framlegg om å ikkje fornye avtalen. Vidare ynskjer han å sjå på moglegheita for å gjere endringar i hytta for at ho skal bli meir attraktiv. Blant anna vil han undersøke moglegheita for å få innlagt straum.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 46/20):

Ullensvang fjellstyre ynskjer ikkje å fornye leigeavtalen med Odda/Ullensvang Turlag om leige av eit rom i hytta ved Langavatnet.

Samrøystes vedteke.



UFS 47/20: Eventuelt

Innspel frå Ungdomsrådet om mangel på jegerprøveinstruktørar

Innspelet blei diskutert. Det var semje om å kontakte njff lokalt for å innhente info om kva som er prosedyren for å bli godkjent instruktør. Leiar kontaktar og ungdomsskulane for å høyre om interessa for å ha jegerprøven som valfag.

Haustmøtet på Lampeland 20.-21. november

Dei som ynskjer å delta på haustmøtet gir beskjed til sekretær, som melder på.

Cwd-situasjonen

Cwd-situasjonen blei diskutert. Johnny Vikne orienterte frå arbeidet med problemstillinga i styret for Fjellstyra på Hardangervidda as.

Møtetidspunkt

Aktuelt møtetidspunkt blei diskutert. Tidleg januar er ein førebels plan for neste møte. Det skal forsøkast å halde sakslista så kort at møta ikkje varar lenger enn to timar.